

## **INNSPEL TIL TANNHELSEUTVALET.**

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne i Stryn kommune er positiv til at det er oppnevnt eit tannhelseutval i Statsråd 12. august 2022.

Rådet håper at utvalet får fram samanhengen mellom helse og tannhelse. Etter rådet sitt syn er behandling av sjukdommar i munnen og omkringliggende område, sjukdommar som må behandlast som sjukdommar kvar som helst på kroppen for øvrig, og må dermed kome inn under eigenandelssystemet.

Dette betyr slik rådet ser det at utvalet må:

- Sørge for gode refusjonsordningar for alle passientar.
- At eldre må få lov å følgje sin tannlege, som dei gjerne har hatt i mange år, vidare om dei ønskjer det.
- Tannpleie må inn i det offentlege rom , på skjukeheimar, institusjonar og i eldre sin heim for dei som ikkje kjem seg ut.
- Det må lagast transportordningar for eldre slik at dei enkelt kan kome seg til/frå tannlege.
- Pleipersonalet må få opplæring i munnstell.
- Same system – eigenandelssystem- for tennene som for resten av kroppen.